



Mjåtveit Næringspark AS  
Grønamyrsv. 2  
5353 STRAUME

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1773 - 16/14046

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

05.07.2016

## Godkjenning - GBNR 22/218 - Løyve til arealoverføring - Mjåtveit Næringspark

**Administrativt vedtak. Saknr: 229/2016**

**Tiltakshavar:** Mjåtveit Næringspark AS

**Søknadstype:** Søknad om arealoverføring, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m).

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Arne Kristiansen v/Prosjektstyring Vest AS har, med fullmakt frå Mjåtveit Næringspark AS, søkt om løyve til arealoverføring av 453 m<sup>2</sup> frå gbnr. 22/218 til gbnr. 22/230.

Gbnr. 22/218 er matrikkelført som bergverk/industri. Den har eit samla areal på om lag 138,8 daa. Mjåtveit Næringspark AS står matrikkelført som grunneigar. Arealet som er søkt overført er markert som parsell A på vedlagte situasjonskart, journalført 5.7.2016.

Vi viser elles til søknad journalført motteke 5.7.2016.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

### Lov- og plangrunnlag:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Endring av eigedomsgrenser er «tiltak» etter pbl § 1-6, og er søknadspliktig etter § 20-1 første ledd bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at tiltaket «må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan.»

Den omsøkte eigedomen er regulert til næring/forretning/kontor i reguleringsplan for næringsområde Mjåtveit – Dalstø, planid: 125620120001. Frådeling er dermed ikkje i strid med gjeldande arealformål, jf. pbl § 26-1.

Frådelinga har ingen innverknad på tilhøva til vass- og avlaupsnett.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 første ledd bokstav m) løyve til overføring av areal frå gbnr. 22/218 til gbnr. 22/230 i henhold til vedlagte situasjonskart.*

*Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på areala vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.*

*Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedsregistrering, jf. pbl § 21-9.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vart kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

20160705110942



**Mottakere:**

Mjåtveit Næringspark AS  
Prosjektstyring Vest AS

Grønamyrsv. 2

5353

5318

STRAUME  
STRUSSHAMN